
Frå: Ole-Jakob Sande <ojjs@nve.no>
Sendt: 8. desember 2022 10:29
Til: Arild Sunde Rinnan
Emne: SV: Detaljregulering for fortau Blindheim- Tynes, grunnforhold

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei,

Så vidt eg kan hugse har det vore gjort vurderingar i skråninga ovanfor planområdet i samband med ei anna sak på gnr. 18 bnr. 40, der eg svara ut ein konsulent (finn ikkje den aktuelle e-posten akkurat no fordi eg ikkje får tilgang til server!).

I den aktuelle plansaka tenker eg det er tilstrekkeleg at det omtalar problemstillingane knytt til grunnforholda i ROS-analysen. Dersom det ikkje er snakk om graving i skråninga, tenker eg at tiltaket kan reknast som KO utan forverring, og de kan følgje råda som er gitt i vedlegg 2 til rettleiar 1/2019. I samsvar med råda som er gitt i rapporten frå den regionale kartlegginga bør de setje krav til ansvarsrett geoteknikk (RIG) for byggesaker i føresegnene til planen.

Håpar dette svarar ut spørsmåla dine. Ta kontakt igjen dersom noko er uklart.

Med helsing

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Arealplan

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30

E-post: ojjs@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Arild Sunde Rinnan <arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no>

Sendt: onsdag 7. desember 2022 14:13

Til: Ole-Jakob Sande <ojjs@nve.no>

Emne: Detaljregulering for fortau Blindheim- Tynes, grunnforhold

Hei Ole Jakob,

I samband med reguleringsarbeidet «Detaljregulering for fortau Blindheim-Tynes», dykker ref: 202201828-2, har de kome med innspel om grunnforhold og viser til NVE rettleiar Sikkerhet mot kvikkleireskred kap 3.2 for tilstrekkeleg avklaring av fare for områdeskred av kvikkleire.

Etter å ha gått gjennom steg 1-3 i prosedyren kan eg ikkje seie sikkert om området tiltaket skal ligge i er trygt. Då tenker eg primært at området kan inngå i utløpsområde for eit skred som kjem frå austsida av kyrkjevegen.

Men sidan kommunen vurderer dette til å vere eit K1 tiltak (der G/S veg er nevnt i tabell 3.2 i rettleiaren), er krav til tryggleik oppfylt om tiltaket ikkje forverrer stabiliteten. Kommunen vurderer også at skråningar ligg utanfor influensområdet til tiltaket, ref kap. 3.3.7 i rettleiaren (sjå terrengrprofil i vedlegg).

Som du ser av bildet frå staden er området der fortauet skal ligge relativt flatt. Noko graving/bearbeiding av bakken må nok reknast med, moglegens må ein legge om noko røyr som ligg i bakken. Omfang er pr no ukjent. I kva grad dette vil påverke stabiliteten kan ikkje sakshandsamar svare på.

Korleis tenker NVE at vi bør løyse dette i reguleringsplanen? Skal nokon fagkunninge vurdere om tiltaket påverkar stabiliteten allereie på dette stadiet, før høyring/eigengodkjenning, før vi heilt veit omfanget av gravearbeidet som må gjerast, eller bør det være eit krav i føresegnene at tiltakets påverknad på grunnstabiliteten skal vurderast før tiltaket kan settast i gang? Evt. eit konkret krav om at tiltaket ikkje skal forverre områdestabiliteten i området? Vil ansvarsområde geoteknikk (RIG) vere tilstrekkelig for å sikre dette tenker de?

Innspel og råd takast imot med takk.

Mvh,

Arild Sunde Rinnan

Arealplanleggar

Tlf. 94 78 46 89 Tlf. sentralbord 70 24 65 00

arild.sunde.rinnan@sykkylven.kommune.no



Vi gjer merksam på at e-post til og frå Sykkylven kommune i utgangspunktet er journalpliktig etter arkivlova, og også vil vere eit offentleg saksdokument som andre vil kunne få innsyn i etter reglane i offentleglova.